

Kva er opphavet til namnet Tjøtta?

Tjøtta, gn. **Þjóttá**, er eit ruvande namn i nordnorsk historie, og sjølvsagt har mange leita etter ei overtydande tolking. Sophus Bugge sette namnet i samband med det gno. inkjekjønnsordet *þjó* «tjukklár», og for Tjøtta på Jæren meinte Th. Tjøtta å finne ein haug forma som eit «menneskelår fra hoften til kneet» (jfr Norsk Stadnamnleksikon, med litteraturtilvisingar).

Andre har prøvd å tolke namnet på grunnlag av steinbunden jord, jfr. islandsk *þjóttá* «hardbakke». Utan at eg har grunnlag for å gå nærmare inn på den siste teorien, er det interessant at vi finn **Åkerøya** i nærmaste grannelaget til Tjøtta/Kjøtta ved Harstad. (Skilnaden på skrivemåten Tj og Kj er i vår samanheng meir uvesentleg, av di vi i uttalen her nord ikkje i noko tilfelle lenger gjer skilnad på tj og kj som framlyd).

þjóttá som nemning for hard og steinut mark blir i alle fall meiningslaust i samband med dei grøderike havavleiringane på premiegarden på Helgeland, og Asbjørn Eidnes opplyste at heller ikkje Tjøtta ved Harstad synest å ha vore så ille stelt med omsyn til jordveg, etter omtalen i bygdebøker o.l. å dømme.

No nemner O. Rygh i «Norske Gaardnavne» at Tjøtta òg er namn på ein grunne ved Horsvær i Brønnøy, i flg. N50-kartet utom Gammholmen vest for Horsvær i Sømna. Det aktuelle sjøkartet har eg ikkje, men har snakka med lokalkjent folk som ikkje har kunnskap om nokon grunne der som heiter så. Korleis namnet i dette tilfellet skal forståast, må derfor stå ope, men bonitet kan vi naturlegvis sjå bort frå.



Tjøtta i Alstahaug. Legg merk valen (ved plassen Valan) mellom Hamn og Yttervågen, så vel som det tronge Røssøysundet. Nordaustre greina av Hamn heiter Valkjeften. (Statkart.)

I det flg. kjem eg derfor til å konsentrere meg om dei to nordnorske øynamna og vil framheve ei heilt anna side av topografien: Eit særmerke for øya på Helgeland, bortsett frå at ho er låglendt, er dei meir og mindre grunne vågane som Tjøtta og Offersøya til saman skaper. Men slåande framfor alt, for sjølve Tjøtta, er at vågen **Hamn** ved garden fortsetter nordaustetter gjennom den tronge valen, der no midten grynner så mykje at det er bygd veg over, men held fram på hi sida eidet (framleis med namn av Valen) til **Yttervågen** i det omtalte indre bassenget. Ei sidegrein av Valen på sørsida av eidet heiter **Valgapet**.

Store flør har gått over Valen også på 1900-talet, opplyser Eirik Liland, som kjenner stadnamna i området: Valen er såleis eit gammalt sund mellom den eigentlige Tjøtta og Svinnes på søraustsida. Svinnes er dermed ikkje berre eit lite område lengst i nord på den «store» Tjøtta, slik kartet kan gje inntrykk av. Om lag midt på den same halvøya Svinnes ligg dei såkalla **Lapplægran**, ikkje langt frå den tronge Kvalvågen som skjer seg inn frå søraust.

Merkverdig like i all hovudsak er tilhøva kring den innelukte **Vågen** mellom Kjøttakalven og sjølve Kjøtta nordaust for Harstad, der ein tange på sørsida lagar ei hamn (jfr. Hamnåsan).



Kjøtta i Harstad kommune. Tangen eller øyra som skjermar Vågen ber ikkje eige namn på kartet. (Statkart.)

«Forsnevring», trong opning er altså eit særmerke for begge øyane. Her er det artig å sitere Karl-Dag Vorrens arbeid «Høfdingjahusar» frå 1988 (s. 12), der han omtaler kjente håløygske høvdingesentra som Bjarkøy, Steigen, Tjøtta og Torget: «Dessuten ligger de ofte utpreget militærtaktisk til. Dette siste momentet understrekes gjerne av konsentrasjoner av kystartillerianlegg fra "Festung Norwegen" under 2. ver-

denskrig. Fra høvdingegårdene og de tilhørende tunanleggene har man gjerne direkte oppsyn med viktige seilingsleier og steder der slike leier snevres inn eller krysser hverandre».

Ei namnetyding tufta på gno. *þjó* «tjukklår» el. nyisl. *þjóttá* «hardbakke» («harðvelli, þurt mosa- og sinuland», Blöndal Magnússon) gir inga aha-oppleving, for rett nok har både Tjøtta og Kjøtta spreidde humpar og haugar, men nøgda myrar òg – især Tjøtta.

Sant nok kunne namnet har sitt utspring i ein einskildformasjon, og for Tjøtta sin del kunne vi då tenke på den fleirtoppa Kalvberghaugen med Krona (Kruna?) nær Tjøtta gard, mens Varden med Kjöttatuva ville komme på tale for Kjøtta sitt vedkommande. Men usikkert lyder dette, iallfall kva Kjøtta gjeld.

Fokuserer vi derimot på leiene og hamnehøva, kan vi ikkje utan vidare sjå heilt bort frå ei gammal namnelaging svarande til lulesamisk *tjåttå* «matstrupe», «svalg, hals», òg om den innvendige opningen eller smottholet på skjorte, sekk m.m. (Grundströms ordbok). I Friis gamle samiske ordbok er same ordet stava čodda, variant čodde.

Ein kile som reiskap til å lage eller utvide ein opning med heiter derimot på lulesam. *tjåhte* (Grundström, Spiik), også stava čátte (Korhonen) el. *tjohte* (Collinder). Verbet *tjåhttit* (Spiik) eller čát'tit «kila, sätta en kil» sluttar seg til.

Desse orda er relevante i samband med stadnamn: Collinder fører opp *tjohte* (*tjåhte*, *čátte*) «kile» som eit tenkeleg grunnord i samband med det elles utolka stadnamnet **Tjotukis-tievvá** frå Jokkmokk, og Qvigstad har (blant samiske stadnamn i Finnmark s. 87), **Čot'ta-guoi'ka** («stryket»), utan nærmare forklaring av førsteleddet, dessutan **Čot'ta-muot'ke** («-eidet»), som vel er eit sekundært namn. Det er tale om eit område om lag midvegs mellom Guovageaidnu og Karasjok. Stryket er trongt i øverenden, og det er ikkje av vegen å tenke på «kile», opplyser Klemet Nils Hansen i Karasjok. Men uttalen av førsteleddet er slik at ein etter gjeldande nordsamisk rettskriving kan stave Čohtta-, og det samsvarar visst ikkje fullstendig med "strupe".

Dette med stryk-namnet kunne elles vere interessant, når vi legg merke til at garden Tjøtta på Jæren ligg eit godt stykke frå sjøen og ei heller har noka «forsnevring» på tørt land, mens der renn ei elv framom garden. Men å jamføre stadnamn frå Klepp og Karasjok meiner sjølv sagt dei fleste må vere for djervt. Det er i utgangspunktet ikkje gitt at gardsnamnet på Jæren har same bakgrunn som dei nordnorske øynamna – Inge Særheim meiner at ei forklaring svarande til det nyss nemnde isl. *þjóttá* er dekkande for garden i Klepp.

Tjøtta alias gno. *þjóttá* to stader i Nordland kan derimot sannsynlegvis frå først svare til det samiske *tjåttå*, *čotta* «strupe», evt. ha med «kile» å gjere (jfr. «kile», «keile»). Men å avgjere om namnet er opphavleg samisk eller norsk er ikkje enkelt. Ein vanske er tvilen det jærskje Tjøtta skaper, og i tillegg kjem det faktum at dei omtalte samiske stadnamna er like sjeldne som dei norske. Dessutan har vi inga samisk etymologisk ordbok å stø oss til.

Like fullt finst der interessante røingspunkt i ordbruken: *čotta(?) alias čodda, čotte blir i flg. Friis nytta overført om ein «storslukar, stor-skrålar» (jfr. namn på eit stryk). Lulesam. tjåhttit eller čat'tit (verb) er dessutan å «envisas, drive igenom sin mening», jfr. omtalen av det lulesamiske ordet for «kile». Endeleg kan tjåttå, čotta «strupe, gap, opning» kaste lys over det elles dunkle norrøne skipsnamnet **Pjóttar-keptrinn**: Berre tenk på eit gapande og grinande drakehovud!

Siste ord er langtfrå sagt, og det finst gode grunnar til ei kritisk gjennomgåing av dei tradisjonelle tolkingane av øynamnet Tjøtta.

Nyredigert i høve til Håløygminne 1-1989